





Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 57 65 68 00
Telefon SFO: 99 57 88 58



Vekeplan for 1. steg veke 33

		MÅNDAG 16/8	TYS DAG 17/8	ONSDAG 18/8	TORSDAG 19/8	FREDAG 20/8
1	09.00	VELKOMMEN TIL FYRSTE SKULEDAG 	Kroppsøving ute på skulen	Lesing	Lesing	Samling
2	10.30			Samling	Samling	LEIK PÅ BJØRNEHIPLASSEN
3	10.45 11.30		Samling og lesing	Høgtlesing	Høgtlesing	
			Lunsj	Lunsj	Lunsj	
4	12.00		Faddertid Me blir kjende med fadrane våre på 5.steg	Spel/leik	Tema Me er saman (Skulen er slutt klokka 14.00)	UTESKULE PÅ SURDEPLA saman med fadrane -eigen info kjem
5	13.30					
6	13.45 14.30				Avslutning på skulen	
			LEKSE TIL TYS DAG: Kroppsøving: Ha på deg klede og sko som det passar å ha kroppsøving ute i. Gjer dette klart måndag før du legg deg.			LEKSE TIL FREDAG: Uteskule: Ver med å pakke tursekken.
Vekelekser: Ta med innesko til skulen i løpet av denne veka.						
Norsk øveord:			Matematikk øveord:		English:	

Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Mobil: 91 58 28 96

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Mobil: 97 13 73 37



Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 57 65 68 00
Telefon SFO: 99 57 88 58



Meldingar

Sosial oppstart

Dei to fyrste vekene har heile skulen særleg fokus på sosialt samspel. For fyrsteklasse inneber det mellom anna at elevane skal bli kjende med kvarandre, skulen, dei vaksne og uteområdet. Målet er å tryggje elevane. Vi vil derfor vektlegge meistring, lek og mykje tid ute.

Vekeplanar

Klassen sine vekeplanar og førebelse periodeplanar finn de på klassesida på skulen si heimeside:

<https://www.leikanger-barneskule.no/1-klasse.561600.nn.html>

Elevane får vekeplanane i papirform i sekken sin.

Kroppsøving

Fyrsteklasse har kroppsøving tysdag morgon. Den fyrste tida vert kroppsøvinga ute i nærområdet til skulen. Me kjem ikkje til å bruke gymgarderobane no i starten. Det er difor fint om elevane har på seg klede og sko som høver til aktivitet ute og er tilpassa været desse dagane.

Uteskule

Fredagar er sett av til uteskule. Desse dagane kjem me til å ha oppstart og avslutning i klasserommet som vanleg, og så er me på kortare eller lengre turar i tida mellom. På uteskulen får me tid til både lek og anna fagleg aktivitet. No i starten kjem de til å få eigne skriv om desse dagane.

Faddersamarbeid

På Leikanger barneskule er det tradisjon at femte klasse er fadrar for fyrste klasse. Ei faddergruppe er sett saman av to eller tre fyrsteklassingar og femteklassingar. Me kjem til å vere saman med fadrane i ulike samanhengar i løpet av skuleåret. Me vil mellom anna lesa og leike ilag inne og ute på skulen. I tillegg kjem me til å ha ein uteskuledag saman kvar månad.

Denne veka skal me bli kjende med fadrane våre dei to siste timane på skulen **tysdag**.

Fredag skal me vere ilag på uteskule siste del av dagen. Dette vil de få eigen info om på Visma.

Fråvær

Det er viktig at de registrerer eventuelle time- eller heildagsfråvær på Visma. Ta kontakt med oss viss de ikkje får dette til. Kanskje me kan hjelpe. Andre meldingar, informasjon eller spørsmål kan og sendast på Visma.

Annan informasjon

Leikanger barneskule tek til klokka 09.00 på morgonane. Måndagar, tysdagar og fredagar er skuletida slutt klokka 13.30, onsdagar sluttar me 12.45 og torsdagar 14.00.

Foreldremøte for klassane og oppstartssamtalar for kvar enkelt heim kjem snart. De får eiga innkalling til dette.

Andrea og Mari